



## Statens vegvesen

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 19/289008-2	Deres referanse: 19/1984 – 19/21055	Vår dato: 05.11.2019
-----------------------------------	--	-------------------------------	--	-------------------------

### Uttale til dispensasjonssøknad – gnr 1 bnr. 80 Flatøy – Bruksendring frå naust til næring – Meland kommune

Vi syner til brev datert 10.10.2019 om dispensasjonssøknad frå naust til næring for eigedom gnr. 1 bnr. 80 i Meland kommune.

#### Saka gjeld:


Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen sitt føremål industri/fiskeri/hamn og frå områdeplankrav for bruksendring av naust til næring på gnr. 1 bnr. 80 på Flatøy i Meland kommune.

#### Vår vurdering:

Vi ser av tilsendte dokument at tiltaket også gjeld store delar av naboiegdommen, bnr. 285, som er tenkt til parkering. Dette tiltaket er ikkje omsøkt, men etter vårt syn heng tiltaka saman, då det venteleg er trong for parkeringsareal til næringsføremålet.

Bnr. 285 er regulert til føresegnsområde Mellombels anlegg- og riggområde, #91\_3, i nyleg vedtekte reguleringsplan *Kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy*, planID 1256\_20160002.

I føresegn §7.1 i reguleringsplanen går det mellom anna fram at området kan nyttast som riggplass og mellomlagring i anleggsperioden for veganlegget.



Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

På bakgrunn av ovennemnde vurderer Statens vegvesen at den omsøkte bruksendringa inneber tiltak som er i konflikt med gjeldande regulering for området. Vi er difor negativ til tiltaket, og rår til at kommunen avslår dispensasjonssøknaden.

Vi ber om å få vedtaket oversendt for klagevurdering. Hvis vedtaket vert sendt etter årsskiftet 2019/20, ber vi om at det vert sendt til Vestland fylkeskommune.

Plan og forvaltning Bergen  
Med hilsen

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*